

Middelalderklyngen 2025

årsrapport



MIDDELALDERKLYNGEN



Innleiing

I 2025 har det overordna fokuset i Mellomalderklynga vore på 200-årsjubileet til Universitetsmuseet i Bergen – og dermed til Universitetet i Bergen. Dette har difor prega mykje av årets aktivitetar i klynga. Arrangement og aktivitetar spenner likevel vidt, og omfattar konferansearbeid, publikasjonar, nettverksbygging, utarbeiding av forskingsprosjekt, utvikling av tverrfaglege emnepakkar og forskingsformidling i ulike arenaer.

Innleiingsvis kan det også nemnast at [Dies Mediaevales](#), ein tverrfagleg konferanse for mellomalderforskning, blei arrangert for første gong i Noreg i 2025, og samla forskarar frå heile landet til Bergen. Dies mediaevales er tenkt som eit fast arrangement anna kvart år og vil markere Bergen som eit senter for mellomalderforskning i Noreg.

Fagleg leiing, organisering og samarbeidspartar


I 2025 tiltredde eit nytt rektorat ved UiB, og styringsgruppa i Mellomalderklynga har fått ny leiar, der viserektor Kristoffer Chelsom Vogt overtek etter Gottfried Greve. At leiinga i Mellomalderklynga framleis er forankra i rektoratet, er viktig for å understreke at klynga, som den einaste kunnskapsklynga ved UiB innafor humaniora, er ei viktig satsing for å skape gode møteplassar, samarbeidsformer og interaksjonar mellom universitetet og eksterne samarbeidspartar.

Det har også vore endring i faggruppa i Mellomalderklynga. Professor i mellomalderarkeologi ved Universitetsmuseet i Bergen, Alf Tore Hommedal, har gått ut av faggruppa, og professor i jernalderarkeologi ved Universitetsmuseet, Anna Wessman, er komen med som eit nytt medlem.

Den tverrfaglege faggruppa i klynga består no av:

- Professor i mellomalderlatin ved LLE, Åslaug Ommundsen
- Professor i mellomalderhistorie ved AHKR, Kirsi Salonen
- Professor i jernalderarkeologi ved Universitetsmuseet, Anna Wessman

Organisasjonsstrukturen i Mellomalderklynga – vedteken 20. november 2024:



Det er per i dag tolv medlemmar i klynga, som spenner frå Bømlo i sør i til Voss i nord:

- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet
- Vestland fylkeskommune
- Bergen kommune
- Bymuseet i Bergen
- Museum Vest
- Hardanger og Voss museum
- Sunnhordland museum
- Riksantikvaren
- Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
- Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling
- Bømlo kommune

Samarbeid og møteflater

Klynga har fleire faste møteplassar, der dei viktigaste er møter i styringsgruppe og samarbeidsgruppe.

Styrings- og samarbeidsgruppemøte

I 2025 har det vore tre styringsgruppemøte¹ og tre møte i samarbeidsgruppa².

¹ 12. februar, 10. juni og 19. november

² 24. mars, 11. juni og 24. november

Saker i styringsgruppa i 2025:

- **Mandat for styringsgruppa, samarbeidsgruppa og faggruppa:** Leiar av styringsgruppa, saman med faggruppe og klyngekoordinator utarbeida utkast til mandat – som vart diskutert, omarbeidd og vedtatt i styringsgruppa.
- **Diskusjonssak: Korleis kan klynga som infrastruktur bidra til å styrke forskning på tvers av alle samarbeidspartane?** Styringsgruppa påpeika at klynga har ei kollektiv kraft som bør nyttast. Det vart samtidig understreka at fleire av samarbeidspartane i klynga ikkje sjølv driv med forskning. Samtidig er mykje av forskingsaktiviteten og forskingssamarbeid som skjer i klynga usynleg fordi midlane går direkte til institusjonane og ikkje til klynga. Kreditering av klynga i forhold til publikasjonar og utstillingar er difor viktig.
- **Diskusjonssak: Betydninga av jubilea i forhold til forskning og formidling av mellomalderen:** Jubilea kan nyttast som ei brekkstong for forskning. Erfaringar frå både Landslovs- og Kristenrettsjubileet viser at dei arrangerte konferansane førte tverrfaglege forskarmiljø saman og at ein fekk påvist behov for vidare forskning innafør ulike område.

Saker i samarbeidsgruppa i 2025:

- **Mellomalderveka 2026 – dato og bylovsjubileum:** Dato for mellomalderveka 2026 vart lagt til 21.-27. september, og bylovsjubileet vil stå i fokus for å markere at det er 750 år sidan ferdigstillinga av Magnus Lagabøtes bylov i 1276. Bergen kommune vil ha ei koordinerande rolle i bylovsjubileet.
- **Forskingstorget 2025:** Forskingstorget er eit svært arbeidskrevjande arrangement, og samarbeidspartane landa på å ikkje delta i 2025.
- **Undervisning: Er det interesse for at studentar skriv BA/MA-oppgåver knytt til dei ulike samarbeidspartane i klynga?:** UiB har eit ønske om tettare kontakt mellom studentar og arbeidslivet, og samarbeidspartane i klynga utgjer potensielle framtidige arbeidsgivarar for studentar frå fleire fagområde. Tettare kontakt med arbeidslivet er eit viktig ledd i arbeidslivsrelevansen i utdanninga. Det vart vedtatt at samarbeidspartane melder inn aktuelle tema og oppgåveforslag til klyngekoordinator, som vil samle desse i ein oppgåvebank som kan leggest ut på nettsida for klynga – og så få formidla inn i dei ulike fagmiljøa.
- **Mellomalderveka 2025 – innspel på aktivitetar frå samarbeidspartane**
- **Bylovsjubileet 2026 – innspel på aktivitetar frå samarbeidspartane**

Møta i både styringsgruppa og samarbeidsgruppa er ein viktig arena for å orientere om fokusområde, prosjekt og aktivitetar i Mellomalderklynga og hos samarbeidspartane i klynga. Viktige orienteringssaker i 2025 har vore:

- **Utstillingskonseptet for Hanseatisk Museum – med omvising i Det Hanseatiske Museum.**
- **Bergen Anno 1320-prosjektet**
- **Dies mediales**
- **Kommande jubileum: Bylovsjubileet 2026 og Nasjonaljubileet 2030**
- **Søknad til HF om driftsmidlar for 2026, ved klyngeadministrasjonen (søknadssum: 135 000)**

- **Mellomalderveka 2025:** Det var 15 ulike arrangement – deriblant fleire heildagsarrangement (sjå over).
- **NFR-tildeling til forskingssamarbeid mellom AHKR/UiB og Hanseatisk Museum/Museum Vest** (sjå over)
- **Tre nye tverrfaglege publikasjonar under utarbeiding** (sjå over)
- **Bylovsjubileet 2026:** Bergen kommune vil ha ei koordinerande rolle, og oppfordrar alle samarbeidspartane til å bidra inn i markeringa av jubileet, som i stor grad blir lagt til neste års Mellomalderveke, 21.27. september.
- **Rapport om Landslovsjubileet 2024:** Det var over 100 arrangement i Vestland, med til saman 85 000 deltakarar.
- **Formidling ved Nonneseter kloster:** Fortidsminneforeningen eig klosterrestane. Bergen kommune eig bygningane mellom klosterruinane og vil no rive desse og lage eit nytt byrom. Viktige spørsmål er korleis ein skal formidle bygningsrestane frå klosteret, og aktuelle formidlingsfokus og idear til korleis ein bør utarbeide og sikre det nye byrommet vart diskutert. Det er også fint at riving og utarbeiding av byrommet er knytt så tett opp til 900-års jubileet for klosteret.
- **Sagakonferanse i 2028:** Forskarar ved LLE, UiB arrangerer ein stor, internasjonal konferanse i Bergen 19.-25. juni 2028: Sagakonferansen. Dette er ein konferanse som blir arrangert kvart tredje år, og i 2028 vil UiB stå for arrangementet. Ulike disiplinar, som litteratur, språk, historie og religionsvitskap er knytt til konferansen. Det kan vere interessant for fleire av samarbeidspartane i klynga å delta i konferansen.
- **Marinarkeologane ved Bergen Sjøfartsmuseum sitt prosjekt i Vågen:** Det er mogleg at det vil bli ei større marinarkeologisk forvaltningsundersøking i Vågen i samband med eit planlagt oppryddingstiltak av forureina sjøbotn. Marinarkeologane ønska innspel på gode problemstillingar som det kan vere interessant å fokusere på i samband med ei undersøking i Vågen.

Mellomalderveka 2025 (18.-28. september)

Mellomalderveka har ein lang tradisjon, og vart første gong organisert i 2015. Frå 2018 vart Mellomalderveka etablert som ei årleg hending på haustparten, der alle samarbeidsinstitusjonane bidreg med arrangement.

Årets Mellomalderveke var svært innhaldsrik med til saman [15 ulike arrangement](#) organisert av samarbeidspartane i klynga, t.d. konferanse, forskjellige foredrag, paneldebattar, diskusjonar, byvandring, konsert og podstar. Arrangementa fann i hovudsak stad i Bergen, men også på Voss, og eit lite utval av arrangementa er presentert her:

I 2025 har Universitetsmuseet i Bergen, og dermed Universitetet i Bergen, feira sitt 200-årsjubileum. Samlingane ved museet, og forskning på desse, har difor fått eit særleg fokus under årets Mellomalderveke, m.a. med eit heildagsarrangement organisert av Universitetsmuseet. Her var det fleire foredrag knytt til samlingar og forskning ved museet, og også ein samtale mellom Egill Reimers og Alf Tore Hommedal, som er den tidlegare og den noverande vitskaplege fagansvarlege for dei bygningsarkeologiske samlingane ved Universitetsmuseet i Bergen.

Universitetsbibliotekets dag i Mellomalderveka hadde eit heildagsarrangement med både foredrag, byvandring og paneldebatt på agendaen. Også her vart samlingane ved

Universitetsmuseet sett i fokus, m.a. gjennom ein paneldiskusjon med eit tverrfagleg ekspertpanel.

I år var også studentar ved UiB ein svært viktig bidragsytar i Mellomalderveka. Arkeologistudentane hadde eit heildagsarrangement på Bryggens Museum retta mot familiar. Her vart mellomaldermat sett på agendaen, med matlagning og smaksprøver inspirert av historiske rettar. Det vart også organisert fleire samtalar med forskarar som forskar på matkultur i mellomalderen. Eit samarbeid med Kongshirten 1260 gjorde at publikum også fekk oppleve kampshow i løpet av dagen.

Kveldssete på Finnesloftet på Voss sette fokus på kveikølets kulturhistorie – med fleire foredrag – både om den språkhistoriske bakgrunnen for nemning «kveik», ølets rolle i mellomalderen, og kveikens potensial i verdiskapingssamanheng. Det var også ølsmaking og musikalsk innslag.

Bergens Sjøfartsmuseum publiserte fire podcastepisodar gjennom podcastserien [Museum Vestpodden](#). To av podcastane kom i Mellomalderveka, og dei to andre vart publisert litt seinare på hausten. Her vart fire ulike tema sett i fokus.³ Alle podcastepisodane kan høyrast på Spotify. Ein femte podcast vil bli publisert i 2026. Denne tek utgangspunkt i eit foredrag som professor i jernalderarkeologi ved Universitetsmuseet, Anna Wessman, hadde på Bergens Sjøfartsmuseum under Mellomalderveka. Temaet er kvinner i båtgraver.

Årets profil til Mellomalderveka var Nonneseters portal, for å understreke at klosteret i våre dagar rundar 900 år.

Dies mediaevales

For første gong vart den nasjonale konferansen [Dies Mediaevales](#) organisert, og det fann stad under Mellomalderveka. Dette er ein tverrfagleg nasjonal møteplass for mellomalderforskarar, og er tenkt som eit fast arrangement anna kvart år, og viktig for å markere Bergen som eit senter for mellomalderforskning i Noreg. Hovudtema under årets konferanse var tverrfaglegheit. Oppslutninga om konferansen var stor, med deltakarar frå dei fleste universitet og institutt i landet med mellomalderforskarar. Heile 45 forskarar deltok med innlegg, og konferansen hadde nærare 90 påmeldte. Årets konferanse vart organisert av to av samarbeidspartane i Mellomalderklynga, AHKR/UiB og Bymuseet i Bergen, og i samarbeid med Collegium Mediaevale: Forening for middelalderforskere. Bymuset i Bergen stilte med lokale til konferansen.

Middelalderforum

Middelalderforum er ei uformell føredragsrekke som starta opp hausten 2018, og blir for tida organisert av forskar Stefan Drechsler ved LLE. Føredraga finn stad på kveldstid i Dyvekes vinkjeller i Hollendergaten, og føremålet er å skape ein fagleg triveleg møtestad for dei ulike fagmiljøa i Bergen som arbeider med mellomalderen, men også for alle andre mellomalderinteresserte.

³ Forskar i arkeologi, Irene Baug, snakka om fjernhandel i vikingtida. Konservator ved Hanseatisk Museum, Embla Aae hadde samtale om sjelegåver i norsk mellomalder. Professor i arkeologi, Alf Tore Hommedal, og professor i mellomalderlatin, Åslaug Ommundsen snakka om Nonneseter kloster. Førsteamanuensis i norrøn filologi, Jens Eike Schnall fortalte om skipet som symbol i mellomalderen.

Årets Middelalderforum var dedisert til Universitetsmuseets 200-årsjubileum, og sette fokus på samlingane ved museet og forskning på dette breispektra materialet. Sju foredragshaldarar frå Universitetsmuseet kasta lys over både kulturhistoriske og naturhistoriske delar av samlingane, og fortalte om utgravingane på Bryggen, daglegliv og kosthald i mellomalderen, kyrkjeinteriør og religiøs kultur, og fiskeindustri frå vikingtid.⁴ Alle foredraga var godt besøkte med mellom 20 og 50 deltakarar kvar gong.

Forsking og undervisning

Forskningsprosjekt og -søknader

Det er eit aktivt og breitt forskarmiljø knytt til mellomalderen innafor Mellomalderklynga, og eit nettverk av fagpersonar både innanfor og utanfor UiB. Spanande tverrfaglege og tverrinstitusjonelle forskningsprosjekt har nådd fram eller er under utarbeiding i klyngemiljøet, og mellomalderforskarane ved UiB er svært aktive og framgangsrike i innhenting av ekstern finansiering.

- ***Women among the Hansa in Bergen*** fekk hausten 2025 støtte frå NFR. Prosjektet er leia av professor i mellomalderhistorie og medlem av faggruppa i klynga, Kirsi Salonen, og er eit samarbeid mellom klyngepartnarane UiB og Hanseatisk Museum i Bergen, i samarbeid med Jektefartsmuseet i Bodø og Europäisches Hansemuseum Lübeck. Målet med prosjektet er å oppnå ei heilskapleg og meir nyansert forståing av kvinners rolle i det hanseatiske samfunnet i Bergen i mellomalderen og tidleg moderne tid. Dette fireårige prosjektet startar opp i 2026 og vil skape ny kunnskap om kvinnes rolle i forhold til hanseatiske kjøpmenn og utvikle en utstilling om kvinner og Hansa.
- Forskningsprosjektet **CODICUM** (The Medieval Book and Networks of Northern Europe c. 1000-1500: Texts, Crafts, Fragments), finansiert ved eit ERC Synergy Grant, starta opp 1. april 2025. Professor i mellomalderlatin og medlem av faggruppa i klynga, Åslaug Ommundsen ved LLE, leier prosjektet saman med tre nordiske forskingspartnarar. Prosjektet, som vil halde fram til 2031, skal kartlegge korleis bøker og intellektuelle nettverk forma Nord-Europa mellom år 1000 og 1500.
- ***Writing in Latin and in the Vernacular: Bilingual Scribal Practice in Norway ca. 1300–1350*** er eit Young CAS Grant-prosjekt leia av forskar i norrøn filologi ved LLE, Stefan Drechsler. Prosjektet undersøker produksjon og bruk av både latinske og norrøne manuskript i mellomalderens Noreg. Oppstart var i januar 2025 og prosjektet går fram til desember 2026.
- Det NFR-finansierte **Borgund Kaupang Prosjektet** leia av Gitte Hansen ved Universitetsmuseet er no inne i sin siste fase. Dette tverrfaglege og tverrinstitusjonelle prosjektet starta opp i 2019, og er eit viktig forskningsprosjekt i Mellomalderklynga, der forskarar frå fleire av samarbeidspartane i klynga deltek. I tillegg til Universitetsmuseet

⁴ 27. januar ved professor i mellomalderarkeologi Gitte Hansen, 17. mars ved professor i mellomalderarkeologi Alf Tore Hommedal, 28. april museumsdirektor og professor i pollenanalyse Kari Hjelle, 26. mai ved professor emeriti Anne Karin Hufthammer, 22. september seksjonssjef og arkeolog Morten Ramstad, 13. oktober ved stipendiat i arkeologi Mathias Blobel og 8. desember ved professor i kristendommens materielle kultur Justin Kroesen.

deltok forskarar frå AHKR og LLE ved UiB, Bymuseet i Bergen og NIKU. Fleire andre eksterne institusjonar er også med.

Søknadar

NFR/SFF: Mellomaldermiljøet ved UiB sendte i november 2025 inn til saman to søknader til NFRs utlysing for Senter for framifrå forskning (SFF):

- 1) Centre for the Study of Medieval Writing (**SCRIPT**); Centre leaders/PIs: Aidan Conti and Åslaug Ommundsen, PIs: Laura Miles, Kirsi Salonen and Helen Leslie Jakobsen). SCRIPT skal undersøke korleis menneske i Norden skapte, kombinerte og brukte eit breitt utval av tekstar på latin og folkespråk i mellomalderen.
- 2) Centre for Reading as Human Experience (**READ**), Centre leader: Laura Saitveit Miles (IF) PIs.

NFR/Fripro: Ein revidert versjon av søknaden for prosjektet **Early Churches Project** (Early Churches: Gateways to Viking Age and Early Medieval Communities?) har vore under utarbeiding i 2025, og skal sendast inn i 2026. Det planlagde prosjektet har eit direkte utspring i Mellomalderklynga, og der fleire av samarbeidspartane i klynga er med: UiB (både AHKR og LLE) og NIKU er under utarbeiding. Prosjektet legg vekt på å undersøke kristningsperioden og overgangen frå eit heidensk til kristent samfunn, og utviklinga av den tidlegaste kyrkjeorganisasjonen i mellomalderen.

Publikasjonsarbeid

Eit særskilt samarbeid mellom Mellomalderklynga og forskargruppa [Middelalderhistorie – religion og hverdagsliv](#) på AHKR vart oppretta i 2023, og er viktig for ei sterk tilknytning mellom klynga og ulike forskarar og forskarmiljø knytt til mellomalderen – både på UiB og ved andre samarbeidande institusjonar i klynga. I tillegg til månadlege forskargruppemøter, vart det i 2025 arrangert ein workshop på Halsnøy kloster, der deltakarane arbeida med ein felles publikasjon, *Crown, Church, and Convent. Essays on Medieval Cultural History of Norway*. Til saman elleve forskarar frå UiB (AHKR, UM, Juridisk fakultet), NIKU og Vestland fylkeskommune deltok på workshopen. Publikasjonen vil bestå av 11 artiklar frå 13 ulike forfattarar, dei fleste frå UiB (AHKR, LLE og UM), men også forskarar frå NIKU og Vestland fylkeskommune deltok med artiklar. Dette er ein antologi som er planlagt publisert i Acta Scandinavia, Brepols i 2026.

Mellomalderklynga arbeider i tillegg med to andre tverrfaglege publikasjonar som alle har sitt utspring i forskingssamarbeid i klynga.

Ein konferansepublikasjon etter konferansen, [Moster 1024 – Crossroads of Religion and Law in the Conversion of Norway](#), som vart arrangert i Bergen under Landslovsjubileet i 2024 er under utarbeiding. Konferansen var eit samarbeid mellom Moster Amfi og Vestland fylkeskommune, og konferansepublikasjonen blir ein tverrfagleg antologi som er planlagt publisert i «Monumenta Iuris Canonici», av Biblioteca Apostolica Vaticana hausten 2026/våren 2027.

Ein konferansepublikasjon etter Landslovskonferansen, [The Landslov of 1274 – Multiple Perspectives](#), som vart arrangert av UiB 16.-19. september i 2024, og som var eit viktig bidrag inn i det [nasjonale Landslovsjubileet](#), er under utarbeiding. Dette blir ein antologi som er planlagt publisert i *Bryggen Papers* i 2027.

Bryggen Papers

Bokserien [Bryggen Papers](#) er ein fagfelleverdert publikasjonskanal for forskingsarbeid om mellomalderen i Noreg og i ein internasjonal kontekst, og er ein del av samarbeidet i Mellomalderklynga. Bokserien er både tverrfagleg og fleirfagleg, og tek for seg mellomalderen i vid betydning – både tidsmessig og geografisk. Redaksjonen i Bryggen Papers består av forskarar frå samarbeidspartane i klynga – i hovudsak frå UiB – og har pr i dag sju forskarar knytt til fagfelte arkeologi, filologi, historie og kunsthistorie. Redaksjonsmedlemane er oppnemnt av HF-fakultetet.⁵ Serien blir publisert av Universitetet i Bergen, og er drifta av [Bergen Open Access Publishing](#).

I 2025 kom det ut ei ny utgåve i Bryggen Papers i form av ein monografi som omhandlar keramikkaterialet frå Vest-Noreg frå mellomalderen og tidleg moderne tid, [Stoneware in Norway. Finds from Bergen and Vicinity AD 1250-1700](#). Forfattar er Volker Demuth ved Universitetet i Stavanger.

Tverrfagleg emnepakke

Faggruppa i klynga held saman med klyngekoordinator på å utarbeide eit forslag til ein tverrfagleg emnepakke i mellomalderstudiar med emne frå to institutt ved HF, LLE og AHKR, i samarbeid med Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket. Utarbeidinga av forslaget er eit samarbeid mellom arkeologi, historie, klassiske fag, kunsthistorie, norrønt og religionsvitenskap, med innspel frå all desse fagmiljøa. Emnepakken er meint som ein anbefalt 60 poengs-pakke som studentane frå dei forskjellige bachelorprogramma kan ta som ein del av dei frie studiepoenga. Emnepakken bygger på emne som allereie blir tilbudd som del av dei deltakande faga, og ideen er å synleggjere, anbefale og legge til rette for studentar frå dei forskjellige bachelor-programma som ønsker å fokusere på vikingtid og mellomalder. I tillegg til allereie eksisterande emne vil emnepakken truleg inkludere to nye emne, eit på 100-nivå og eit på 200-nivå.

Forskningsformidling

I tillegg til Middelalderforum, føredrag, podcastar og anna formidling nemnt ovanfor, har klynga også brukt andre arenaer for å formidle tverrfagleg kunnskap om mellomalderen og pågåande samarbeid.

22. november arrangerte Mellomalderklynga ved UiB, saman med Byhistorisk Foreining i Stavanger og Arkeologisk Museum ved Universitetet i Stavanger, eit byhistorisk seminar om mellomalderbyen Stavanger, [Stavangers opprinnelse – de store spørsmålene: byen, kirken og kildene](#). Fleire forskarar ved UiB arbeider med ulike tema knytt til Stavanger i mellomalderen, og deltok med foredrag på seminaret, som fann stad på Arkeologisk Museum i Stavanger. Sentrale

⁵ Redaksjonsmedlemer er Gitte Hansen (Universitetsmuseet), Irene Baug (klyngekoordinator/AHKR), Henning Laugerud (LLE), Visa Immonen (AHKR), Sigrid Samset Mygland (Bymuseet i Bergen), Kirsi Salonen (AHKR) og Jens Eike Schnall (LLE). PhD-kandidat Brita Hope (Universitetsmuseet) er redaksjonssekretær.

spørsmål som vart presentert og diskutert er kor gamal byen er, og kva vi veit om Stavanger generelt i mellomalderen – ut frå ulike kjeldekategoriar.

Mellomalderklynga har arbeidd vidare med prosjektet [Bergen Anno 1320](#), som er eit digitalt formidlingsprosjekt som er plassert på nettstaden Kringom.no. Ein hotspot, Erkebispegården i Bergen, vart publisert i 2025, og arbeidet med den siste hotspoten, Fransiskanarklosteret er godt i gang.

Mellomalderklynga har også utarbeide ein [informasjonsfilm om Nonnester kloster](#). I denne filmsnutten på 7 minutt får du eit innblikk i korleis klosteret såg ut og korleis livet ved klosteret var. Ei tidlegare visualisering av Nonneseter kloster laga i samband med Bergen Anno 1320 er brukt på Vestland fylkeskommune sine nettsider i samband med riving av sølvvarefabrikken og omstrukturering av klostertomta.

Ein av samarbeidspartane i klynga, Halsnøy kloster ved Sunnhordland Museum, har initiert eit tilsvarande digitalt formidlingsprosjekt som [Bergen Anno 1320](#) og [Selja kloster og helgenanlegg](#), med ei digital visualisering av klosteret slik det kan ha sett ut på 1300-talet. Prosjektet er eit samarbeid innafor klynga, der fleire av forskarane ved UiB og NIKU har Halsnøy kloster som sitt forskingsfelt og bidreg med forskingskompetanse inn i prosjektet.

Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket har utarbeida podkasten, [The medieval collections from Bergens Museum and the Special Collections at the University of Bergen: past, present, and future](#). Dette er ein panelsamtale med forskarar frå ulike fagdisiplinar ved UiB som kastar lys over mellomaldermaterialet som Spesialsamlingane no forvaltar.⁶ Panelsamtalen var ein del av Universitetsbibliotekets dag under Mellomalderveka 2025.

Nettverksbygging

29. oktober hadde faggruppa og klyngekoordinator møte med dekanen ved The Faculty of arts and humanities, University of York, professor Duncan Petrie og professor Jena Lee Habegger-Conti ved HVL – for å diskutere eventuelt samarbeid mellom UiB og University of York knytt til mellomalderstudiar. Nokre forskarar ved UiB har allereie etablert forskingssamarbeid med University of York, og det er eit ønske frå begge universiteta om å utvikle kontaktar og samarbeid vidare. Bergen og York er begge med i [North Sea University Partnership | Research | UiB](#) som blei etablert i desember 2024.

Økonomi

Klynga har utgifter i samband med t.d. seminar, Middelalderforum (blant anna leige av lokale), Mellomalderveka (leige av lokale, honorar, diverse), reiseutgifter til møte og nettverksbygging utanbys eller utanlands og diverse andre aktivitetar eller innkjøp. Driftsmidlane er slik eit heilt

⁶ Deltakarar i panelsamtalen: Professor emerita i norrøn filologi Else Mundal, professor i arkeologi Alf Tore Hommedal, professor i middelalderlatin Åslaug Ommundsen, professor i historie Kirsi Salonen, professor i kunsthistorie Justin Kroesen og faglig leder for Språksamlingane ved Spesialsamlingene Peder Gammeltoft. Panelkoordinator var Alexandros Tsakos, faglig leder for Manuskript- og librarsamlingen ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

nødvendig og forutsigbart verkemiddel for at klynga skal ha eit visst handlingsrom og vere i stand til å halde oppe aktivitetsnivået og møteflatene for samarbeidspartane og andre relevante aktørar, og slik kunne svare på målsettingar og forventningar som UiB har sett for klynga.

Mellomalderklynga søkte HF-fakultetet om kr.162 000,- i driftsmidar for 2025, og kr. 75 000,- vart bevilga. Utover dette fekk klynga overført restmidlar etter Landslovskonferansen, «*The Landslov of 1274 – Multiple perspectives*» som vart arrangert i september 2024, til saman kr. 100 000,-.

Regnskap for Mellomalderklynga 2025⁷

Firmakode	Hovedprosjekt	Prosjekt	Delprosjekt	Innt./kost./res.	Årsbudsjett	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik hittil i år
UB	100001	100122	100122114	Innt.	0	0	-14 640	14 640
	Grunnbevilgning	Fakultetet	Middelalderk	Kost.	157 000	157 000	168 674	-11 674
	annuum (GA)	felles	lyngen	Sum	157 000	157 000	154 034	2 966
			Sum		157 000	157 000	154 034	2 966
		Sum			157 000	157 000	154 034	2 966
Sum total					157 000	157 000	154 034	2 966

Konto	Årsbud..	Budsjett hittil i år	Regnska p hittil i år	Avvik hittil i år
3034 Konferanseinntekte..	0	0	-14 640	14 640
5401 AGA av innb.lønn, ho..	0	0	161	-161
6302 Leie lokaler korttids..	0	0	18 750	-18 750
6422 Leie programvare/pr..	10 000	10 000	0	10 000
6791 Kjøp av andre frem..	0	0	88 750	-88 750
6820 Trykkingskostnader	57 000	57 000	12 085	44 915
6861 Servering ved møter	30 000	30 000	0	30 000
6871 Arrangement av kur..	0	0	12 500	-12 500
6873 Servering ved kurs o..	0	0	4 504	-4 504
6880 Arrangement av kur..	10 000	10 000	0	10 000
6881 Servering kurs,semi..	10 000	10 000	18 537	-8 537
7101 Bilgodtgjørelse opp..	0	0	3 535	-3 535
7132 Tjenestereiser ikke ..	20 000	20 000	5 286	14 714
7151 Diетtkostnad, oppga..	20 000	20 000	1 166	18 834
7194 Reisekostnader fakt..	0	0	2 918	-2 918
7411 Gave til eksterne	0	0	65	-65
7770 Bankgebyr og remit..	0	0	419	-419
Sum total	157 000	157 000	154 034	2 966

⁷ Regnskapet for Middelalderklynga er ført ved HF-fakultetet, ved Terje Selland.

Firmakode	Hovedprosjekt	Prosjekt	Delprosjekt	Innt./kost./res.	Årsbudsjett	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik hittil i år
UB	100001	100122	100122131	Kost.	18 000	18 000	18 016	-16
	Grunnbevilgning annuum (GA)	Fakultetet felles	Landslovkonferansen 202...	Sum	18 000	18 000	18 016	-16
			Sum		18 000	18 000	18 016	-16
Sum total					18 000	18 000	18 016	-16

Konto	Årsbud..	Budsjett hittil i år	Regnska p hittil i år	Avvik hittil i år
5401 AGA av innb.lønn, ho..	0	0	151	-151
6861 Servering ved møter	0	0	2 607	-2 607
7100 Budsjett kostnader ..	18 000	18 000	0	18 000
7132 Tjenestereiser ikke ..	0	0	11 059	-11 059
7151 Diettkostnad, oppga..	0	0	4 199	-4 199
Sum total	18 000	18 000	18 016	-16

Bergen, 08.04.2026,

Irene Baug - Koordinator i Mellomalderklynga

Åslaug Ommundsen – Faggruppera i Mellomalderklynga

Kirsi Salonen – Faggruppera i Mellomalderklynga

Anna Wessman – Faggruppera i Mellomalderklynga